



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 09.11.21 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Karl Hjelmeland, Joar Oppedal, Alf Magnar Svartemyr og sekretær Ann Iren Østerbo.

Ingunn Østerbo på telefon.

Fråverande: Kenneth Førde, Åge Østerbo og vara Jon Nesheim

Opningsord – bibeltekst v/ Karl.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker :

24/21 Info frå fellesrådet v/Sissel – nytt lokale for kyrkjekontoret blir i samfunnshuset i Høyanger.
Framlegg til budsjett for 2022

Forhandlingsutvalg i samband med lønsregulering for kyrkjevevja

25/21 Karl og Sissel reiste på samrådsmøte i Førde – høyring om ny kyrkjeordning 27. okt.

26/21 Møte på Alværa 4. nov. info om ny kyrkjeordning v / Geir S.

Sissel og Karl var tilstades, Joar og Ann I. på telefon.

27/21 Frist for stoff til Helgestunder er 15. november. Sissel sender over diverse stoff. Bjørnar tek kontakt med posten om levering til Ikjefjord, sidan det forrige gong ikkje blei utdelt der.

28/21 Sissel prøver å få til ei hyggestund på Bygdetunet onsdag 17. november.

29/21 Adventsmøte på Bygdetunet v/ misjonslaget – 8. des.

30/21 Info om trusopplæring/ konfirmantopplegg - Toril hjelper Karl med konfirmantane fram til konfirmasjonen.

Trusopplæringsutvalget må ha møte på nyåret – Camilla M. Ådland er spurd om å vere med å diskutere opplegg vidare.

31/21 Kyrkje og misjonsdag på Alværa 15. januar.

Sakliste

Sak 40/21 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 31. august.

Vedtak: Møteprotokoll frå 31. august vart godkjent.

Sak 41/21 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- Konfirmasjon 5. sept. I Bjordal – ca 74 personar. Sissel og Sølvi Gunn var kyrkjevartar.

I Ortnevik ca 45 personar. Gerd Brekke var kyrkjevart. Ole M. Ådland var med i begge kyrkjene og spelte gitar og sang. Fine gudstenester v/Karl og Toril.

- T- dag på Sørebo 28. sept. for 2.- 6. klasse med tema : Gud skaper – 3 barn + Toril, Mari- Ann og Ann I.

Pølsegrilling, film, song, og det blei laga potetstempel som ein kunne male og bruke til stofftrykk. Ungane har det kjekt ilag.

- Hausttakkefest på Massnes 3. okt. Sal av middag, kaffi og kaker, utlodning, utdeling av bøker til

- born i ulik alder. 4 av konfirmantane deltok. 50 personar. Mykje folk, fin gudsteneste og god stemning. Flott med mange barn, og godt å møtast etter koronaen.
- Ungdomskveld i Gamlebanken 5. nov. – Øyvind, Ole, Toril og 4 av konfirmantane.
 - Ei fin familiesamling i Ortnevik kyrkje 6. nov. – v/ Toril, Karl og Ole . 6 born og 8 vaksne.
 - Allehelgensgudsteneste i Bjordal 7. nov. v/ Karl, Toril og konfirmantane.
Lystening og markering av Bjordal Misjonslag 150 år. 28 personar
 - Andakt på Bygdetunet i dag 9. nov. v/ Karl – alle dei 10 bebruarane var tilstades – fint.
 - God helg v/Geir Sørebo på nett.

Sak 42/21 Kyrkjeleg organisering på høyring

Høyringa heiter: Samhandling i ei sjølvstendig folkekyrkje – ny kyrkjeleg organisering. Dette er ei viktig sak for kyrkja, og vi er mange som kan gje høyringssvar. Noko av utfordringa er at kyrkja har to administrative linjer: prest-prost-biskop-bispedømmeråd, og alle dei andre tilsette blir stort sett tilsett i lokale fellesråd. Er ein positiv til at ein får eit fellesråd på prostnivå som kan ha ansvar for alle tilsetjingane, samt personaloppfølging? På kirken.no finn vi mykje informasjon. Svarfrist er 1. des.

Vedtak: Soknerådet prøvde etter beste evne å svare på dei fleste høyringsspora. Sissel sender inn svara elektronisk.

Sak 43/21 Julekonsert i Ortnevik kyrkje 12. des. kl. 17.00.

Gerda blir med, og ho vil få med fleire musikarar. Anders Brekke reknar med å bli med trass i innlegging på sjukehus no. Han har snakka med Eldar og vil spørje Anna. Elena og Trine kan spørjast. Ole og Camilla kan sikkert synge også i år.

Vedtak: Sissel arbeider vidare med avtalar for konserten.

Sak 44/21 Gudstenesteplan fram til påske 2022.

Karl hadde laga eit forslag som vi diskuterte.

30. januar kl. 11.00 el. 16 - Gudsteneste i Bjordal v/Audun Systad

27. februar kl. 11 – Gudsteneste i Bjordal v/Karl

27. mars kl. 16.00 – Gudsteneste i Bjordal v/Karl

3. april kl. 16.00 – Samtalegudsteneste i Ortnevik v/Karl

17. april kl. 16.00 – Påskedagsgudsteneste v/Karl

Vi kjem tilbake til evt. opplegg med frivillige i Ortnevik, slik at det også her kan bli eit påsketilbod.

Vedtak: Soknerådet sluttar seg til den foreløpige planen fram til påske.

Sak 45/21 Offerliste og offerplan for 2022.

Soknerådet vedtok same offerliste som for 2021:

Vedtak: Offerliste 2022 : Soknerådet vedtek desse offerformåla.

Vi prioriterer i denne rekkjefylgja: Kirkens Nødhjelp, Alværa kyrkje- og misjonssenter, NMS/Mali, kyrkjelydsarbeidet, KFUK/KFUM Sogn og Fjordane krins, Helgestunder, Redd Barna og Sjømannskyrkja X 2. Ann Iren får ansvar for å setje opp offerformål til gudstenestene.

Utgangspunktet blir då 8 offerformål x 2 i kvar av kyrkjene.

I Ortnevik med berre 6 forordna gudstenester i året, kan sjømannskyrkja gå ut.

Soknerådet vil ha offer til Alværa på konfirmasjonsdagen, og Kirkens Nødhjelp på julaftan. Dersom det er gudsteneste på tv- aksjonsdagen går offeret til dette formålet. Ann I. prøver å tilpasse offeret til søndagen.

Sak 46/21 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte vert tysdag 25. januar kl. 17.00 i Gamlebanken.

Sak 47/21 Val av leiar og nestleiar i soknerådet for 1 år.

Vedtak: Sissel vart attvalt som leiar og Joar som nestleiar i soknerådet for 1 år.

Møtet vart avslutta med første vers av salmen No soli bakom blåe fjell og velsinginga v/ Karl.

Sissel Sørebo
leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Lavik kyrkjekontor
Høyanger kyrkjekontor